



Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

Dato: 08.12.2014  
Vår ref.: 2014/22282-25  
Sakshandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## **Høring av høringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk laks- og aureoppdrett – Søknad om utsett frist for merknader**

Vi viser til Dykkar brev av 07.11.2014, høring av høringsnotat om melding til Stortinget om vekst i norsk lakse- og aureoppdrett.

Hordaland fylkeskommune søker med dette om utsett **svarfrist til 04.02.2015**.

### **Bakgrunn for søknaden**

Dette er ei stor og viktig sak for Hordaland, med stor regional politisk interesse. Det er difor viktig at saka kan få ei grundig politisk handsaming.

Høringsfrist til 10.01.2015 vert for kort tid til å klare å sette seg inn i kva høringsnotat inneber for fylket vårt og skrive saksutgreiing til fylkesutvalet. I dette ligg det og at saksframlegget må vera klart 3 veker før møtet.

Fyrste møte i Fylkesutvalet i 2015 er den 29.01, og eit vedtak frå dette møte kan vera departementet i hende innan 04.02.2015.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*